

YNSKJER KOMMUNAL OVERTAKING

Tysnes Vassverk og Ugddal Vasslag ber no om godkjenning frå medlemene. **NYHENDE: SIDE 2-3**

VIL SKRINLEGGJA KYSTSONEPLANEN

Tysnes-ordføraren meiner planen fører til auka byråkratisering i eit allereie tunggrodd system. **NYHENDE: SIDE 10**

MARKERTE SEG I NM

Pernilla Epland oppnådde gode tider og plasseringar i Sandnes. **SPORT: SIDE 13**

Tysnes

TORS DAG 31. AUGUST 2017

NR. 34 - 65 ÅRG.
LAUSSAL KR. 30,-
tysnesbladet.no



Skyss fjernar buss-avgangar

NYHENDE
SIDE 11



35 utstillarar klare for husflidmesse

ØYPULS SIDE 18



Vikarierande kjøkensjef

ØYPULS:
SISTESIO

Her kan det bli vasskraftverk

NYHENDE: SIDE 8-9



HJELPER OVER: Sissel Jakobsen, sakshandsamar for NVE (i raudt), får ei hjelpande hand over Brekke-/Singelstadelva i Solheimsdalen.

LEIAR SIDE 4: – Lokalsamfunnet kan ikkje finna seg i at Skyss sine kutt i rutetilboda gjer det umogleg for folk å bli buande i utkanten av kommunen vår.

SPAR

EUROSPAR

All fisk fra Findus
225-1000g

-40%



Meierismør/Usaltet smør
250-500g, TINE 39,80-79,60/kg

1990



Skiguttas
FAVORITTER

Tilbudene gjelder t.o.m søndag 3/9. For åpningstider se spar.no. Begrensninger på tilbudene kan forekomme. Vi tar forbehold om trykkfeil og utsolgte varer. Salg kun til private husholdninger.

Interessant kystkultur lokka ikkje så mange

**Fiske, fiskarar, fiskarko-
ner og bilete frå kysten var
tema i Galleriet på Breidablikk
søndag. Men det var
få som kom i det fine veret.**

Utstillinga av dokker i folke-
drakter knytt til kystkulturen
i Sunnhordland, laga av Britt
Kjellesvik Rage og bilete laga
av broren, Magne Kjellesvik,
var open både laurdag og
søndag. Søndag ettermiddag
kåserte Olav Skjellevik om
fiske i gamle dagar.

Dokkene

Når Britt Kjellesvik Rage
lagar dokkene, tek ho oftast
utgangspunkt i gamle bilete
eller foto.

– Ja, til dømes biletkunst-
narane Adolph Tidemann
og Joachim Frich, som levde
på midten av 1800-talet, har

inspirert meg. Men eg har
også måtta bruka fantasien
litt for å finna klede eg mei-
ner dei brukte på den tida. Ei
av kvinneklossene her har eg
kledd i drakt som er inspirert
av eit liv, ein overdel, eg såg
i Hardanger folkemuseum,
seier kunstnaren. Ho er svært
oppteken av historie og his-
toriske klede, og har teke eit
studie kalla «drakt og sam-
funn». Kvart år er ho ei veke
i Danmark på sykurs i gamle
syteknikkar.

Bileta

Magne Kjellesvik har fleire
gonger stilt ut hos systera på
Breidablikk, rett ved Tysnes
kyrkje. I 2009 hadde både han,
to av borna hans og systera og
dottera hennar utstilling der.
Denne gongen hadde Magne
Kjellesvik vald ut bilete som
alle har nær tilknytning til fiske,



KUNSTNARSYSKEN: Både Britt Kjellesvik Rage og Magne Kjellesvik er som kunstnarar sterkt opptekne av kystkulturen.



Møt stortingsrepresentant Magne Rommetveit,
førstekandidat for Arbeiderpartiet i Hordaland
og medlem i Transport- og kommunikasjons-
komiteen på stand i Våge fredag 1. september
frå kl 15:00.

KOM OG FÅ DEG EIN KOPP KAFFI OG EIN PRAT MED OSS!

noko svært mange av hans
bilete har. Største akva-
rellen hadde som hovud-
motiv eit hus han vaks
opp med.

– Det raude huset midt
på biletet der var uthuset
vårt i Gjersvik. Der hadde
far alt rolp og rot. Eg tok
ein gong eit foto av det,
og det er utgangspunktet
for mitt bilete. I til-
legg har eg brukt mellom
anna ei sjøbu frå Sogn, og
eit gammalt, lite hus frå
Fjellgardane på Stord.
Tittelen er «Fisk til mid-
dag/ope hus».

Systera til Magne,
Britt, har alltid broren
sine bilete hengande i gal-
leriet sitt.

– Dei passar godt inn
her, og det er ofte folk frå
gruppene som er innom
her som kjøper bilete han
har laga, seier ho som
sjølv bur i huset og opnar
når folk ønskjer å koma.

Fiskeme'

Olav Skjellevik vaks opp i
Flakkavågen med ein far
som ofte tok vesleguten med
ut i Husnesfjorden på fiske.
Lokalhistorikaren og kultur-
prisvinnaren var kledd i klede
som faren, fødd i 1899, kunne
ha brukt. Han viste fiskeutstyr
og tok dei ni publikummarane
med ut på fiske i gamle dagar.

– Me var på seifiske med
bomullstråd som snøre. Me
hadde først fanga blåskjel som
me knuste og hadde på kroken.
Far hadde sine faste me'. Eg
hugsar godt at han får opp stor
sei medan eg spyr i bøtta. Dette
me'et var far mest aleine om,
trur eg. Og ingen andre skulle
få vita om det. Men så fekk hel-
ler ikkje han vita om dei andre
sine me'. Slik var det forresten
også med bakarane på Tysnes;
Ingen av dei skreiv ned opp-
skriftene sine, dei skulle vera
hemmelege, nett som me'a, sa
Olav Skjellevik mellom anna
den timen han kåserte.



GOD Plass til FLEIRE: Det var få tysnesingar o

Kystsogeveke

Utstillinga og kåseriet i
Breidablikk inngår som ein
lekk i Kystsogeveke, og dei
hadde av Kystsogeveke fått



Sentralt i dette bildet er faren sitt uthus i Gjersvik.



og berre ni til saman som fekk med seg kåseriet.



ENGASJERT HISTORIEFORTELLER: Olav Skjellevik hadde både klede og fiskeutstyr frå langt tilbake i tida.

3.000 kroner til materiell, research og kåseri. Britt Kjellesvik Rage synest det er synd at ikkje fleire enn ni personar fekk med seg kåseriet, og ho hadde også i løpet av helga færre innom utstillinga enn

dei to tidlegare åra ho har vore med under paraplyen til Kystsogevøkene.

GEIR ROMMETVEIT
redaksjonen@tysnesbladet.no

PRIXDEAL

Kjøp en Grandiosa, få en 4-pk fra Coca-Cola

41⁵⁰

Gjelder Grandiosa original 575 g/ Coca-Cola, Coca-Cola Zero eller Urge. 0,33 l boks x 4 + pant



Spar fra
kr 52,90

Kampanjene gjelder kun til private husholdninger. Forbehold om trykfeil og utsolgt. Annonsen gjelder i luke 35



COOP KAFFI

Fra 250 g/16 kapsler



TORO SUPPER/GRYTER/SAUSER

Utvählte varianter. Fra 21 g



GILDE KARBONADER/KJØTTKAKER/
SVENSK KJØTTBOLLER

Fra 800 g. Pr pk. Pr kg fra 86,30

**coop
prix**

Kjellarleilighet

til leige sentralt i Ugddal. Litt interessert? Ring 971 79 589

MØTE

v/Kåre Johan Hamre

Onsdag 6.sept.
Tysnes bedehus

Torsdag 7.sept.
Tveit bedehus

Fredag 8.sept.
Flatråker bedehus

Møtetid kl. 19.00
Misjonsinfo. Offer til IMS.

Velkommen!

Arr. Indremisjonen



TYSNES HUSFLIDSLAG

ARRANGERER

HUSFLIDS- MESSE

2. og 3. september 2017

i Tysneshallen, Våge på Tysnes

Inngongsbillett kr. 50,- Born gratis (under 15 år)

Sal av husflid og handverk

OPNINGSTID:

Laurdag kl. 11.00 - 15.30

Søndag kl. 12.00 - 15.30

Foredrag «Oselvaren - den levande båten - med ein Tysnesvri» av Kjell Magnus Økland laurdag kl 12.00

Demonstrasjon av bygging av færing med Egil Meland laurdag kl 13.30

Påmelding til salsutstillinga:

Liv Torunn Rekve, tlf. 900 56 050 - Helga Irene Aslaksen: 930 24 676

Takk til:



HAAHEIM
GAARD
- magiske øyeblikk



Bjørnefjorden
Hjertesenter AS



Tysnes Kraftlag
KONTAKT MED SPENNING

Tysnes Sparebank
- lokalbanken din -

Alsaker



Fjordbruk



JENSVOLL
BEDEHUS

SAMLINGSFEST

Jensvoll bedehus - søndag 3. september kl 16.00

Talar: Harald Rydland.

Songgruppe frå Eikelandssosen deltek.
Ettermiddagskaffi.

Velkomen!

Ugddal Indremisjon

Sunn-
hordlands
treff

i Bergen



Trekking av
iPad Mini, og
festivalpass til
Tysnesfest 2018 og
Festidalen 2018!
Servering av mat
og drikke!

13. september står hyggjelege folk frå bedrifter, kommunar og festivalar i Sunnhordland klare til å ta imot deg i Bergen!

Du er invitert til ein triveleg kveld på veteranskipet M/S Sunnhordland som ligg til kai i Bergen.

Ombord kan du knyte kontakt med framtidige arbeidsgjevarar, det blir mat og drikke og sjølvstekt premiar og underhaldning!

Meld deg på innan 7. september!

Send SMS med namn og e-postadresse til tlf 901 05 818 eller e-post til firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no

Arrangementet er gratis og passar for deg som ynskjer å bli betre kjend med moglegheitene i Sunnhordland. Kanskje du er student, eller har jobba nokre år i Bergen og lurar på å flytte? Aldersgrense: 18 år.



M/S Sunnhordland
Bradbenken 2,
Bryggen i Bergen.
13. september kl. 17.00

buisunnhordland.no



Tysnes Kraftlag SA er eit samvirkelag med 20 tilsette lokalisert i Våge i Tysnes. Kraftlaget leverer nettenester til vel 3000 nettkundar i Tysnes kommune. I tillegg omset vi kraft lokalt i konsesjonsområdet og byggjer og driftar breibandsnett til nær 1500 breibandskundar, som Tysnes Breiband leverer innhaldstjenester til.



Tysnes Kraftlag

KONTAKT MED SPENNING

BREIBANDSMONTØR

For bygging, drift og vedlikehald av breibandsnettet, søker Tysnes kraftlag etter breibandsmontør.

- Vedkomande bør ha montørutdanning innan tele/svakstraumsfag.
- Erfaring med drift av IT nettverk og system er ynskjeleg.
- Søkjar med praktisk erfaring innan fiberarbeid og arbeid i master er å føretrekkja.

Arbeidsspråket er norsk, og det vert kravd førarkort klasse B eller BE.

Arbeidsstad vil vera i Tysnes Kraftlag sitt konsesjonsområde.

Arbeidsoppgåvene omfattar og kundekontakt og installasjon av breibandsutstyr hjå kundar, for Tysnes Breiband.

Tysnes Kraftlag kan tilby gode arbeidstilhøve i eit godt arbeidsmiljø, og konkurransedyktige løns- og pensjonsvilkår.

For nærare informasjon om stillinga kontakt Tysnes Kraftlag v/ Lars Enes. På mail len@tysnes-kraftlag.no eller på telefon 53 43 00 50.

Send kortfatta søknad med CV til firmapost@tysnes-kraftlag.no merka «Breibandsmontør» innan 20.09.17



PRØV EI ANNONSE DU OG!



Kjell Brekke på Vestlandsrevyen

Om kort tid går sykkel-VM av stabelen i Bergen, og tidlegare denne veka var mange frivilljuge samla for å få meir informasjon om det store sportarrangementet. Ein av dei var tysnesing Kjell Brekke, som i dette høvet dukka opp på Vestlandsrevyen. På spørs-

mål frå NRK-reportaren om kvifor han har meldt seg på som frivilljug, svara han at han har sett så mange timar med sykkel på fjernsynet, at han no vil sjå korleis det er å vera på den andre sida.

(Skjermdump frå NRK)

– Eg blei både arg og sjokkert

Signy Kristine Vernøy, som er svært misnøgd med at Skyss har fjerna ein bussavgang til Reksteren.



NANCY-GENSER: Liv Torunn Rekve har strikka denne genseren for utlodning. På Facebook er heile 19.000 med i gruppa: «Vi som strikker Nancy-genser».

Endeleg husflids- messe igjen

35 utstillarar gjer seg no klare til å stilla på Tysnes husflidslag si messe i Tysneshallen laurdag og søndag. Det er stor variasjon i det som blir tilbydd for sal.

Husflidslaget har arrangert husflidsmesse annakvart år heilt sidan 1977, då laget vart skipa. 24 kvinner er no med i husflidslaget, og fem av dei skal stilla ut og selja sine egne produkt. Men så seia alle medlemene er travelt opptekne med å gjera klart for messa, som vanlegvis har vore besøkt av 6-700 interesserte.

Mangfaldig

Liv Torunn Rekve har teke imot påmeldingane frå utstillarane, og ho ser at det blir svært mykje interessant å sjå på messa.

– Ja, her blir sølvsmykker, skinnvarer, ulike sy- og strikkevarer, mellom anna nupeller. Her kjem knivsmid og folk som lagar keramik. Både oljemaling, akvarellar, porselensmaling og rosemaling blir å finna i Tysneshallen, Heilt frå Jæren kjem eit ektepar med bubil full av tøyvesker og treprodukt dei har laga. Alle som stiller ut er på ein måte amatørar, men me har i alle år vore

nøye på at det er kvalitetsprodukt me tek inn i messa.

Messa svært viktig

Leiar i husflidslaget, Synnøve Hodneland, er svært glad for at messa deira er så godt besøkt.

– Ja, det er husflidsmessa som held liv i laget. Me har inntekter frå utstillarane, og så har me gåande loddosal og skal i tillegg ha tombola. Dessutan bakar me og sel både vaflar, kaker og kaffi i tillegg til pølser og brus. Men så er me også mange som gjer ein innsats, også fleire menn blir med, mellom anna på henting av bord andre stader.

Båtar

Laurdagen skal Kjell Magnus Økland kåsere med tema: «Osellar-den levande båten med ein Tysnesvri» samstundes som han stiller ut ein fullrigga osellar. Same dag skal Egil Mæland demonstrera korleis ein byggjer ein færing.

Julehandel

Husflidskvinnene seier det ikkje er så lett å finna gunstige tidspunktet for denne messa.

– Me må ta omsyn til mellom anna lemming, sauesanking, hjortejakt og Dyrsken i Seljord for at det ikkje skal kol-

lidera. No startar rett nok hjortejakt, men me trur denne helga skal kunna pasa for mange.

– Men ville ikkje ei julemesse vore gunstigare?

– Det finst fleire julemessar, og det går jo veldig godt an å handla julegaver også no til helga, smiler Synnøve Hodneland.

GEIR ROMMETVEIT
redaksjonen@tysnesbladet.no



UTLODDING: Helga Aslaksen har saman med systera Lise Marie Spjeld laga mange klede til dokka. Den heldige kan vinna.